Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6. Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vossestrand

Emne: **Folkelege musikkinstrument.** Bygdelag: Myrkdalen

Oppskr. av: Styrkaar Myrland Gard: Myrland.

(adresse): G.nr. 17 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Instrument til aa spela paa har vaari brugt her i dalen. Namnet er Hardanger fela, Namnet paa dei dele som fela er samen set av er hals, botnn, troska, og lokk. Namn paa dei lause deler er boge, (feleboge) felestokk, harpehus fylgde med naar dei kjøpte harpeis

2 Kva tid instrumentet kom i bruk her veit me inkje. Men hardanger fela kom i bruk her i slutten av 1600 tale. Fyrste hardanger fela me veidt um var arbeid paa Jaastad i hardanger i 1650 er no oppevart paa Bergensmuseum, hardanger fela er ennu i bruk her

3 Hardanger fela vart innført fraa Hardanger og fra Samnanger i seinare tid i fra Tilliemark. Her i dalen har inkje vaari nokken som har hat fele-arbeid til yrkje. Men her har vaari arbeidt fele av forskjellige. Spellemenne Lars Helgeland og saanen Sjur Helgeland arbeide fele som dei brukte sjölve Styrk Hirth har arbeidt fele han er over 80 aar.

4 Form og maal kan de sjaa paa dan tegningi som fylgjer med. Tegungen er av ei gammal Tronda fela som dei hade paa Skjørvo... ik i Sogn da var dan besta fele dei veste um. men fela bran opp daa husi paa gaarden bran

854

Hardanger fela har 8 strenger 4 til og spela paa og
4 understrenger. Tegningen (viser) korleis holli paa fela er laga.
Strengene dei spela paa var tarmstrenger understrenger
var metalstrenger. Strengene vart inførde
5 Materiale svart örr til botn björk til hals og troska
gran eller furo til lokk. Matrialen var heime vyrke.
6 Reidskap dei bruk til og arbeida fela med var kiv og hulgarn
8 Hardanger fela har inkje vaare bygda i fra da fyrsta
dei kom til bruk i bygda
9 Korleis dei spela og korleis dei helt fela under
under spelinga er inkje skelna i gamal og ny tid.
Felespel vart brugt til dans og til fester, inkje
til skrema dyr eller lokka paa fet.
10 Kjenner inkje til ymse variantar av fela.
11 Instrumentet (fela) vart prydd med rosor paa lokk
og botn. synjebretet var mykje fyrsiggjort var inlagt
med perlemor og forskellig sorter farga sort farga bra
12 Har inkje höyrt um segner eller overtru i samband
med opphavet eller bruken av fela. Felemakarne
sette navnet set og aartelet da fela var arbeid inni i
botnen paa fela, bumerke har og inkje set paa fela
13 Fyrste spelemanen eg har höyrt fortalt umm
er Anders Haga han var föd i 1770. död i 1850.
Han var beste spelemanen som fanst i si
tid. Han gjekk frikar paa alle markna inkje
berre paa Vestlandet men og paa Östlandet.
Ein venter reiste han paa ski over fjellet
til Tillemark og der i fra til Setersdal men dar
var da eit anna drag i spelet sa han. Han
lerde adle dei slaatter han kunde komma yver.
Kor mange han kunde er da ingjen som veit
men han kunde spela paa 24 stedlinga

Da var han Anders Haga so lerde opp Laad
Rekvinn aa Lars Lofthus aa han Per Bolko,
og hjaa dei var Mylnarguten og lerde slaattene
hans. Han fekk höyra Mylnarguten paa Sluten
da var paa Skrumpastovene paa Vossavangen daa
var han sluta aa spela var svert gammadlo og mesto
blinde. Daa Mylnarnen hadde spela ei stund sa
han da er beste speleman eg har höyrt eg har
aldrig höyrt maken hans. Aa no er slaatten
mine komne i hende paa ein som inkje skjemme
dei ut. Nils Olson Mörkve gjek under navnet
Bygdatraaen var flink speleman han var föd 1782
Her er ein slaat etter han som han lerde av ~~huldfolk~~
huldafolkje slaatten heite Bygdatraaen.
Lars O Helgeland föd i 1824 död i 1907. Var flink
til aa spela, han lerde spela av Anders Haga.
Sjur Larsson Helgeland föd 1858 död i 1923.
Han lerde spela av farsen Lars O Helgeland.
Han var beste spellemannen paa Vestlandet.
Han kumpanerte nokre slaatter og nokre store
spelestykkje men dei er inkje komne paa note alle.
Lars L Skjervheim föd 1915 er flink speleman.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY



854
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



854